

Kontrollutvalet i Luster kommune

Møtebok

Møtedato: 5.5.2021

Møtetid: Kl. 12.00 - 14.45

Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset

Saksnr.: 06/2021 - 10/2021

Følgjande medlem møtte	Parti
Anders Bolstad, leiar	AP
Ernst Veum	H, KrF, FrP
Anne Lise Haukadal	SP
Kjetil Melheim	V
Vivian Kvam	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Anders Bolstad
Frå sekretariatet møtte:	Harald Mo, PwC
Frå administrasjonen og politisk leiing møtte:	Rådmann Jarle Skartun (sak 7, 8 og 9), økonomisjef Svein Sanden (sak 8 og 9)
Frå revisjonen møtte:	Robert Yttri, Vestland Revisjon (sak 8 og 9) Charles Litsheim (forvaltningsrevisor, sak 10)
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

SAKLISTE

6/2021	Godkjenning av møtebok
7/2021	Drøftingssaker, skriv og meldingar
8/2021	Årsrekneskap og årsmelding Lustrabadet KF 2020
9/2021	Årsrekneskap og årsmelding Luster kommune 2020
10/2021	Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2021

Sak 06/2021 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	05.05.2021	06/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokollen frå møte 09.02.2021 vert godkjent.

05.05.2021 KONTROLLUTVALET

Sak 06/21 VEDTAK

Møteprotokollen frå møte 09.02.2021 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

Sak 07/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 05.05.2021	Saknr 07/2021
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

VEDLEGG

Vedlegg Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	04.03.2021	Kommunestyret	Møteprotokoll sak 7/21 referatsaker - orienteringssak frå kontrollutvalet vedr. Engesæter
2	08.03.2021	Luster kommune	Melding om politisk behandling- Årsmelding kontrollutvalet 2020
3	09.03.2021	Statsforvaltaren i Vestland	Luster kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024
4	15.03.2021	Kommunal- og moderniserings-departementet	Rettleiar til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften a) oversendingsbrev b) rettleiar

05.05.2021 KONTROLLUTVALET

Orienteringssaker:

Rådmannen gav ei orientering om aktuelle saker i første kvartal 2021, herunder kvartalsrapport som er under utarbeiding.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål til rådmannen.

Sak 07/21 VEDTAK:

Orienteringar, skriv og meldingar vert teke til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

Sak 08/2021 Årsrekneskap og årsmelding Lustrabadet KF 2020

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	05.05.2021	08/2021

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	05.05.2021	Kontrollutvalet	Fråsegn frå kontrollutvalet (utkast)
2	22.02.2021	Lustrabadet KF	Årsrekneskap 2020
3	22.03.2021	Lustrabadet KF	Årsmelding 2020
4	30.04.2021	Vestland Revisjon KO	Revisjonsmelding 2020 for Lustrabadet KF (ettersendt til kontrollutvalet 3.5.2021)

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen 2020 for Lustrabadet KF, med eventuelle justeringar i møtet. Fråsegna vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

05.05.2021 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet fekk ein status på Lustrabadet KF frå rådmann og økonomisjef. Revisor har ingen merknader til årsrekneskapen for Lustrabadet KF.

Sak 08/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen 2020 for Lustrabadet KF, slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

Sak 09/2021 Årsrekneskap og årsmelding Luster kommune 2020

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 05.05.2021	Saknr 09/2021
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	27.4.2021	Kontrollutvalet	Fråsegn frå kontrollutvalet (utkast)
2	13.4.2021	Vestland Revisjon KO	E-post frå Vestland Revisjon KO
3	13.4.2021	Vestland Revisjon KO	Revisjonsmelding
4	14.4.2021	Luster kommune	Luster kommune - Årsrapport og rekneskap 2020- kortversjon

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrapport og rekneskap for 2020 for Luster kommune slik den ligg føre. Uttalen blir oversendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

05.05.2021 KONTROLLUTVALET

Rådmann og økonomisjef orienterte om årsrekneskap og årsmelding. Revisor deltok også i møtet, og var tilgjengeleg for spørsmål.

Rådmann og økonomisjef presenterte dei økonomiske resultatane, og gjorde spesielt greie for effektane av korona på inntekter og kostnader, konsesjonskraftinntekter og verdiutvikling på fond.

Revisor har ikkje merknader til Luster kommune sin årsrekneskap eller den konsoliderte årsrekneskapen.

Sak 09/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak i saka:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrapport og rekneskap for 2020 for Luster kommune slik den ligg føre. Uttalen oversendast kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

Sak 10/2021 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2021

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 05.05.2021	Saknr 10/2021
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	24.3.2021	Vestland Revisjon KO	Utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjon, Spesialundervisning og tidleg innsats

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Prosjektplan for forvaltningsrevisjon med tema Spesialundervisning og tidleg innsats godkjennast, med eventuelle justeringar som vert gjort i møtet. Kontrollutvalet ber forvaltningsrevisor sette i gang arbeidet med forvaltningsrevisjonen.

05.05.2021 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet fekk prosjektplan presentert av Vestland Revisjon v/Charles Litsheim.

Kontrollutvalet diskuterte prosjektplanen og i risiko og vesentlegheitsvurderinga har kontrollutvalet stilt stilt følgjande spørsmål ved spesialundervisning:

- Årsakene til at skulen i Luster kommune over tid har ein høgare andel elevar med vedtak om spesialundervisning enn snittet i landet og samanliknbare kommunar

Kontrollutvalet ber om at dette spørsmålet blir lagt til prosjektplanen.

Sak 10/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet ber om at det blir gjort ei oppdatert informasjonsinnhenting om Luster har høgare andel av vedtak om spesialundervisning enn resten av landet. Om dette stemmer, så ber kontrollutvalet om at det blir gjennomført intervju med sentrale leiarar i skulesektoren for å kartlegge kva som kan vere årsakene til dette.

Med endringa over så vert prosjektplanen vedtekten slik den ligg føre.

Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon om ein statusrapport i møte 5.

Samrøystes.